



Sunnfjord Arbeidarparti



PROGRAM 2020-2023

Eit sterkare fellesskap i Sunnfjord

Siv-Karin Hestad, varaordførarkandidat og Helge Robert Midtbø, ordførarkandidat



Eit sterkare fellesskap

9. september er det du som veljar som avgjer Sunnfjord kommune si framtid og kva politisk grunnlag kommunen skal vere tufta på!

Sunnfjord Arbeidarparti meiner fellesløysingar gjev eit trygt fundament for at kvart menneske skal kunne utvikle sine evner og forme framtida si. Vi vil jobbe for at Sunnfjord kommune skal vere eit ope, inkluderande og raust samfunn.

Innbyggjarar i alle generasjonar skal oppleve å høyre til og delta i utviklinga av Sunnfjord kommune. Samtidig skal vi òg halde på identitetane våre som gaulværing, jølstring, naustedøl og førdianar.

Kommunen sine viktigaste oppgåver er barnehage, skule, helse og eldreomsorg. Sunnfjord Arbeidarparti skal vere ein garantist for at desse grunnleggjande tenestene vert prioriterte og drifta av fellesskapet.

Sunnfjord Arbeidarparti vil ha sterkare politisk forankring og forpliktelsar i næringsarbeidet i Sunnfjord kommune. Saman med næringsaktørane vil vi at kommunen skal utvikle sin posisjon som eit sterkt regionsenter mellom Bergen og Ålesund. Vi vil òg styrke arbeidet med å skape nye arbeidsplassar i Sunnfjord.

Vi i Sunnfjord Arbeidarparti ynskjer alle eit riktig godt val!

Venleg helsing
Helge Robert Midtbø, ordførarkandidat



Ei verdig eldreomsorg og god helse

Vi vil at alle skal ha høve til å leve friske og sunne liv. Mange pårørende gjer ein stor innsats for at dei næraste skal ha ein god kvardag. Vi vil styrke heime- og avlastningstilbod slik at flest mogleg kan bu heime, og for at pårørende skal få noko fritid.

Eldreomsorg

- Vi skal sikre eit variert tilbod med omsorgsbustadar, institusjonsplassar, dag- og avlastningstilbod.
- Vi vil styrke og utvikle omsorga for dei som er ved livets slutt.
- Vi vil støtte førebyggjande helsetenester for eldre.

Helse

- Det skal vere legekontor i nærleiken av omsorgssentera på Skei, Sande, Førde og Naustdal.
- Vi skal sikre eit tilbod av høg kvalitet og låg terskel innan psykisk helse og rusomsorg.
- Vi vil sikre god og hensiktsmessig helsestasjonstettleik i kommunen og skulehelseteneste ved alle skulane, inkludert dei vidaregåande skulane.

Les meir om vår politikk på www.sunnfjord.arbeiderparti.no/program



Ein god barnehage og skule for alle

Vi skal ha ein sterk og tydeleg offentleg fellesskule og barnehage som verdset læring gjennom meistring, lek og trygge rammer. Alle våre barn skal ha det trygt og skal oppleve å bli sett og høyrte. Difor vil vi jobbe målretta imot mobbing og utanforskap.

Barnehage

- Alle foreldre og foresatte skal få tilbod om barnehageplass med fleire opptak utover året.
- Arbeide for at kompetanse- og bemanningsnorma vert nådd.
- Motarbeide kommersialisering av barnehagetilbodet for å hindre store private gevinstar ved drift og sal.

Skule

- Våre barn fortener lærarar som har tid til å vere lærarar.
- Innføre eit enkelt og sunt skulemåltid i grunnskulen.
- Sikre høg kompetanse hos våre lærarar gjennom støtte til etter- og vidareutdanning.

Les meir om vår politikk på www.sunnfjord.arbeiderparti.no/program



Arbeidsliv og næringsutvikling

I Sunnfjord skal det vere trygt og godt å jobbe. Økonomisk vekst og nye arbeidsplassar skal skapast gjennom eit anstendig arbeidsliv. Sunnfjord Arbeidarparti vil arbeide imot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. Dette er ein svært viktig føresetnad for god samfunnsutvikling.

Arbeidsliv

- Vi skal ha faste og heile stillingar som gir tryggleik for den tilsette.
- Vi vil kreve at leverandørar til kommunen har tariffavtale med sine tilsette.
- Støtte tiltak som skapar fleire arbeidsplassar til alle med redusert arbeidsevne.

Næringsutvkling

- Tilsette ein kommunal næring- og utviklingssjef.
- Legge tilrette for næringsutvikling gjennom tett samarbeid med bedrifter, innovasjonsselskap og andre aktørar.
- Sikre eit tilgjengeleg, godt og variert næringsareal i kommunen.

Les meir om vår politikk på www.sunnfjord.arbeiderparti.no/program



Framtidsretta miljø- og klimapolitikk

Vi må gjere endå meir for å ta vare på klimaet og miljøet vårt for framtida. Vi har utfordringar vi må ta på alvor og møte med sterkare handlekraft og nye løysingar. I tillegg til mange enkeltgrep, ynskjer vi å innføre eit eige budsjett og rekneskap for klima -og miljø i Sunnfjord.

Miljø

- Alle innbyggjarane i Sunnfjord kommune skal ha lett tilgang til kjeldesortering.
- Vi skal arbeide for at Sunnfjord kan bli ein “plastfri” kommune.
- Mineralnæringa skal vere berekraftig. Difor vil Sunnfjord Arbeidarparti arbeide for full utnytting av restmassane frå utvinninga i Engebø.

Klima

- Vi vil jobbe for å styrke kollektivtilbodet i heile Sunnfjord.
- Det skal på plass betydeleg fleire ladestasjonar for EL-bilar.
- Utviklingsmidlar i kommunen blir tilført grøn innovasjon som kan bidra til både arbeidsplassar og klimaløysingar.

Les meir om vår politikk på www.sunnfjord.arbeiderparti.no/program



Vi spelar på lag med ungdommen

I Arbeidarpartiet spelar vi på lag med ungdommen. Difor har vi kummulert Sigve Mandelid (18 år) på ein sikker 5. plass. Vi har totalt 6 kandidatar under 25 år. Sunnfjord skal vere Noregs beste kommune å vekse opp i. For å få dette til må vi satse på ungdommen og gje dei reell påverknad i utforminga av Sunnfjord kommune.

Vår politikk for ungdom

- Eit tydeleg og sterkt ungdomsdemokrati gjennom ungdomsrådet
- Gje ungdomsrådet talerett i kommunestyret.
- Syte for at ein ikkje møter stengde dørar til helsesjukepleiar.
- Legge til rette for sosiale lågterskel møteplassar for ungdom.
- Innføre skulefrukost på våre vidaregåande skular.
- Sørge for at alle born og unge får høve til å delta i fritidsaktivitetar.
- Sikre tilstrekkelege økonomiske rammer til politiske ungdomsorganisasjonar.
- Lokaltransport for ungdom (LTV) skal takast i bruk for å sikre born og unge tilgang til aktivitetar.
- Ungdomskort opp til 23 år.

Les meir om vår politikk på www.sunnfjord.arbeiderparti.no/program



3. Håkon Myrvang



4. Sara-Marie Horsevik



5. Sigve Mandelid

Våre kandidatar for Sunnfjord

- | | |
|---------------------------------|-------------------------------------|
| 1. Helge Robert Midtbø | 26. Fredrik Myrvang |
| 2. Siv-Karin Hestad | 27. Ellinor Taftø |
| 3. Håkon Myrvang | 28. Mari Constance Jonstad Baardsen |
| 4. Sara-Marie Horsevik | 29. Bjarte Kapstad |
| 5. Sigve Mandelid | 30. Frank Tore Farsund Tveit |
| 6. Kari Valle | 31. Ida Simran Herlø Sund Søgne |
| 7. Kristian B. Steinseth | 32. Susanne Stølheim Aasen |
| 8. Silje Viktoria G. Vallestad | 33. Thor Erlend Mehammer |
| 9. Ivar Svensøy | 34. Trond Arild Austgulen |
| 10. Anne Gunn Fimland Dvergsdal | 35. Ove Farsund |
| 11. Kari Daltveit | 36. Solrunn Nistad |
| 12. Laila Oppedal | 37. Anne Lise Bekjorden |
| 13. Stig Tveit | 38. Nathalie Rouen Rønnestad |
| 14. Sindre Hornnes | 39. Geir Leon Hetle |
| 15. Ragnhild Sæle | 40. Justin Mulindabigwi |
| 16. Kari Viken | 41. Gunn Årnes |
| 17. Sveinung Søreide | 42. Knut Albrecht Johansen |
| 18. Liv Horvei | 43. Vigdis Elin Hellevang Mikalsen |
| 19. Pål Befring | 44. Laila Tefre Dvergsdal |
| 20. Ann Renate Mulehamn | 45. Terje Vallestad |
| 21. Reidar Fugle Nordhaug | 46. Trude Hafstad Hetle |
| 22. Elin Løset Vie | 47. Finn Sætrebakke |
| 23. Arild Horsevik | 48. Doris Rutledal |
| 24. Silje Skaar Sunde | 49. Henrik Nordal |
| 25. Atle Reidar Sandnes | 50. Hjørdis Hagen |



Vår fylkestingskandidat

Torbjørn Vereide er 30 år, bur i Førde og jobbar til dagleg i LO. Torbjørn har vore ei sterk politisk stemme i Sogn og Fjordane. No ynskjer vi at han skal få representere Sunnfjord i det nye Vestlandsfylket. Hjartesaka hans er eit trygt og rettferdig arbeidsliv der alle får ein sjanse til å vere med.